

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD****2017/EØS/6/45****av 17. september 2012****om godkjenning av Egypt i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk***[meld under nummeret K(2012) 6297]*

(2012/505/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 19 nr. 3 første leddet,

med tilvising til oppmodinga frå Kypros av 13. mai 2005, frå Det sameinte kongeriket av 25. september 2006 og frå Republikken Hellas av 26. oktober 2006, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 2008/106/EF kan medlemsstatane ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent den aktuelle tredjestaten. Desse tredjestatane må oppfylle alle krava i konvensjonen til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) om normer for opplæring, sertifikat og vakthalde for sjøfolk (1978), i revidert utgåve av 1995 (STCW-konvensjonen)<sup>(2)</sup>.
- 2) Brev med oppmoding om godkjenning av Egypt er send inn frå Kypros av 13. mai 2005, frå Det sameinte kongeriket av 25. september 2006 og frå Republikken Hellas av 26. oktober 2006. Som følgje av desse oppmodingane har Kommisjonen vurdert systema for opplæring og sertifisering i Egypt med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller alle krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i desember 2006. Under den inspeksjonen vart det oppdaga visse manglar i opplærings- og sertifiseringssystema.
- 3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultata av vurderinga.
- 4) Ved brev av 16. februar 2009, 21. september 2010 og 20. desember 2011 oppmoda Kommisjonen Egypt om å legge fram prov på at dei manglane som vart oppdagat, er vortne retta opp.
- 5) Ved brev av 12. november 2009, 25. november 2010 og 28. februar 2012 la Egypt fram dei opplysningsane og prova som det vart bede om med omsyn til gjennomføringa av høvelege og tilstrekkelege korrigrande tiltak for å rette opp dei manglane som vart oppdagat under vurderinga av samsvaret.
- 6) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningsane som Egypt har lagt fram, viser at Egypt oppfyller krava i STCW-konvensjonen og har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

**TEKE DENNE AVGJERDA:***Artikkkel 1*

For føremåla med artikkel 19 i direktiv 2008/106/EF er Egypt godkjend med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk.

*Artikkkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. september 2012.

*For Kommisjonen***Siim KALLAS***Visepresident*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 252 av 19.9.2012, s. 57, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 22/2013 av 1. februar 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 31 av 30.5.2013, s. 32.

(<sup>1</sup>) TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

(<sup>2</sup>) Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.